


Retningslinjer for tildeling av treningstid i Ål Idrettshall



ÅL KOMMUNE

Fordeling av treningstid skjer etter følgende retningslinjer:

- Lag og organisasjonar som har sin primær idrettsaktivitet/hovudsesong innandørs i hall vert prioritert
- Barn og unge (under 20 år) vert prioritert i den mest gunstige treningstida
- Lag og organisasjonar i Ål kommune vert prioritert framfor andre kommuner

Ut over dette gjeldt følgende prinsipp:

- Terminfesta kampar vert prioritert foran trening i helgene, og leigetakarane må vere førebudd på å vike på tildelt tid.
- Idrettshallen kan kun verte leigd ut til lovleg verksemd
- Lag og organisasjonar med fast verksemd i Ål kommune vert prioritert, men kan ikkje fortrenge andre leigetakarar som allereie har fått bekrefte tildelt treningstid innanfor sesongen
- Idrettshallen skal i hovudsak nyttast til innandørsidrettar
- Aktivitet med mange deltakarar vert prioritert foran aktivitet med få deltakarar
- Ved bruk av møterom vert dei som brukar eigedomen til trening, kamp og arrangement prioritert

Følgande er ikkje dekt av desse retningslinjene:

- Skyteanlegget er forbeholdt skytterlaga i Ål kommune
- Klatreanlegget er forbeholdt Ål Klatreklubb

Skulene disponerar hallen i skuletida	kvardagar	08:00 - 15:30
Tid som vert fordelt til lag og organisasjonar er	kvardagar	15:30 - 22:00
	helgedagar	09:00 - 14:00

Fordeling i praksis:

Lag og organisasjonar må sende inn søknad om treningstid innan 1. juni. Ål kommune kan sette annan frist dersom dette er hensiktsmessig. Søknaden skal innehalde ønska treningsperiode, treningstid, antall deltakarar og plassbehov, kontaktinfo til ansvarleg trenar/leiar/organisasjon.


Ål kommune utarbeidar eit forslag til fordeling av treningstid basert på innsendte søknadar og har dialog med søkerane eller kallar desse inn til eit møte ved behov.

Ål kommune er overordna mynde og klageinstans.

Sesongperioden følgjer skuleruta (august-juni).

Arrangement kan søke Ål kommune om leige av eigedomen i og utanfor sesongperioden.

Lag og organisasjonar pliktar å melde frå dersom dei ikkje nyttar tildelt tid for trening, kamp eller arrangement. Dersom eit lag/organisasjon over tid eller gjenteke gonger ikkje nyttar tildelt treningstid kan heile eller delar av tida verte omdisponert. Ved ledig kapasitet (strøtimer) er det først-til-mølla prinsippet som gjeldt.



ÅL KOMMUNE

Leigetakar sine plikter og ansvar:

- Det må vere ein ansvarleg person over 18 til stades
- Kommunens eigedom skal nyttast på forsvarleg måte
- Opprigg og nedrigg skal skje innanfor tildelt treningstid
- Forlat eigedomen slik du vil finne han sjølv
- Melde frå ved endringar i treningstid eller planlagt bruk av hallen

Praktisk info:

Pris er fastsett av dei til ein kvar tid gjeldande satsar for utleige av eigedomen, vedteke av kommunestyret, og finst i eige dokument.

Framleige av idrettshallen er ikkje lov (unnteke klatreanlegget og skyteanlegget i regi av klatreklubben og skytterlaga).

Spørsmål vedrørande tildeling av treningstid eller bruk av hallen rettast til Ål kommune.